

Mykland, I. Aa. & Krosshus, T. C. (2026). Slik havet løftar ein stein: På veg mot ein resepsjonsorientert kunst- og handverkspraksis. I E. H. Johannesen & T. C. Krosshus (Red.), *Didaktikk for estetiske læreprosesser* (s. 207–227). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa850509>

Kapittel 9

Slik havet løftar ein stein¹

På veg mot ein resepsjonsorientert kunst- og handverkspraksis

Ingvild Aasheim Mykland og Tone Cronblad Krosshus

1 Dette er ei strofe frå Stein Mehren sitt dikt *Jeg holder ditt hode* (Mehren, 1997)

Samandrag: Undervisingsforløpet *Steinen* er tverrfagleg forankra i kunst og handverk, drama og teater og norsk. Det er utvikla innanfor ein performativ kunstfagdidaktikk som byggjer på Helene Illeris sine omgrep om fysisk, heilskapleg og kollektiv sansing. Ein slik inkluderande estetikk vektlegg at deltakarane si sansing kan skape relasjonar til det som allereie finst, snarare enn å produsere nye objekt. *Steinen* er gjennomført fleire gonger med mål om å vekke nysgjerrigheit og utforskartrøng knytt til steinen som stein, og ikkje som materiale for å lage eit produkt. Ut frå desse erfaringane er det utvikla to didaktiske aspekt: 1. – Å sanse eit materiale, som inneber å leggje til rette for kroppsleg, emosjonell og minnebasert kontakt med det utan krav om omforming, 2. – Å sanse saman, som inneber å lytte, dele og byggje vidare på andre sine innspel som grunnlag for å undersøkje djupare. *Steinen* kan forståast som ein resepsjonsorientert kunst- og handverkspraksis, og i kapitlet vert det argumentert for at resepsjonsorienterte prosessar kan vere eit døme på inkluderande estetikk.

Nøkkelord: Sanseopplevingar, naturmaterialar, utforsking, performativ didaktikk, estetiske læreprosessar

Abstract: The teaching event *The stone* is interdisciplinary and rooted in art and crafts, drama and theatre and the subject Norwegian. It is developed within a performative art didactic that is based on Helene Illeris's concepts of physical, holistic and collective perception. Such an inclusive aesthetic emphasizes that the participants' perception can create relationships to what already exists, rather than producing new objects. *The stone* has been carried out several times with the goal to awaken curiosity and a thirst for exploration about stone in its base form, and not as a material to make a product. Based on the experiences, two didactic aspects have been developed: 1. – Sensing a material, which involves facilitating physical, emotional and memory-based contact with it without requiring the need for transformation, 2. – Sensing together, which involves listening, sharing and building on others' input as a basis for deeper exploration. *The stone* can be understood as a reception-oriented art and craft practice, and the chapter argues that reception-oriented processes can be an example of inclusive aesthetics.

Keywords: Sensory experiences, natural materials, exploration, performative didactics, aesthetic learning processes

Slik havet løfter en sten

Jeg tenker på fjæra
 Jeg tenker på et svaberg
 Jeg ser en ensom stein
 Jeg ser to steiner
 Jeg kjenner noe kaldt
 Jeg kjenner suset av historie

(Dikt produsert i undervisningsforløpet Steinen)

Innleiing

Diktet som innleier kapittelet er produsert av grunnskulelærarar som deltok i undervisningsforløpet *Steinen*. Forløpet vart avslutta med ei framføring av lærarane sine nyskrivne dikt, men målet var å skape utforslingsprosessar. I dette kapittelet skal me undersøkje *Steinen* frå eit kunst- og handverks-perspektiv, med særleg fokus på kva utforsking av material kan innebære.

Faget kunst og handverk kom inn i læreplanane på slutten av 1800-talet, då med eit nytteperspektiv. Sidan har synet på barn og deira utvikling endra seg, noko som har ført til nye perspektiv i planverket (Halvorsen, 2008; Nielsen, 2019). I dag tek faget vare på tradisjonar, samstundes som det legg til rette for nyskaping og innovasjon, der ein skal støtte barn og unge i å utvikle si eiga ibuande kreativitet (Kunnskapsdepartementet, 2024). Støren (2024) har undersøkt korleis kreativitet vert formidla i læreplanen og kva det betyr for skulen. Ho peikar på at LK20 fremjar eit asynkront og asymmetrisk forhold mellom lærar og elev, ved at læraren yter ei teneste, medan eleven er mottakar. Språkhandlingane i verdigrunnlaget i overordna del presiserer at ein skal «dyrke, stimulere og respektere elevens iboende kreativitet» (Kunnskapsdepartementet, 2017). Her ligg det implisitt ei forståing av kreativitet som noko som allereie bur i eleven, og som kan bli øydelagt om det ikkje vert respektert (Støren, K. 2024). Evalueringa av fagfornyinga (LK20) har undersøkt korleis skuleleiarar, lærarar og elevar opplever at denne vert realisert i dei praktisk-estetiske faga (Borgen mfl., 2026). Rapporten syner at elevane opplever at praktiske og estetiske fag skil seg frå andre gjennom skapande

prosesser, sosialt samspel og fysisk aktivitet. Unike aspekt som innsats, deltaking og kreativitet i både læring og vurdering vert løfta fram. Samstundes veit me at lærarar som underviser i dei estetiske faga, synest det er vanskeleg å planleggje for opne, skapande og utforskande prosessar (Olafsson, 2020). Det kan sjå ut til at det er behov for å undersøkje nærare korleis slike prosessar kan sjå ut i praksis. I dette kapittelet vil me difor utforske undervisingsforløpet *Steinen* som eit døme på estetiske læreprosessar der dei sansande prosessane vert vektlagde. Problemstillinga vår er: *Kva for didaktiske aspekt kan aktivere eit resepsjonsfokus i utforsking av materialar?*

Metode

Undervisingsforløpet *Steinen* vart utvikla av kapittelforfattarane for desentralisert kompetanseheving i 2022. Sidan har det blitt gjennomført med elevar i grunnskulen, studentar ved universitetet, lærarar som tek etter- og vidareutdanning, og kollegaer². Gjennom å nytte estetiske læreprosessar var hensikten å vise korleis ein kan arbeide utforskande i prosessar der det ikkje finst fasitsvar. Forløpet er bygd opp av element frå kunst- og handverksdidaktikk, drama- og teaterdidaktikk og norskfagdidaktikk, som til dømes dramaturgi, improvisasjon, performativitet, skapande arbeidsprosessar, materialkunnskap og produktutvikling (Halvorsen, 2008; Kallestad & Knutsen, 2019; Kirk & Krøgholt, 2018; Nielsen, 2019; Riis mfl., 2020; Stokke & Tønnessen, 2018; Sæbø, 2016).

-
- 2 Undervisingsforløpet *Steinen* vart utvikla for Desentralisert ordning for kompetanseutvikling (DeKomp) og første gang gjennomført for lærarar på ein barneskule i Midt-Fylket-nettverket i 2023. Sidan har det blitt gjennomført med fire grupper med grunnskulelærarar på Grenlandskonferansen i 2023. Det er òg gjennomført på fleire barneskular gjennom DeKomp i Grenland-nettverket 2024–2026, samt for studentar på emna Kompetanse for kvalitet i kunst og handverk 2024/2025 og 2025/2026, PPU kunst og handverk 2024/2025 og 2025/2026 og grunnskulelærarutdanninga 1-7 2025/2026. Prinsippa frå *Steinen* er i tillegg nytta til å utvikle undervisingsforløpa *Isbiten* (2024), *Pinnen* (2024-dd) og *Mor* (2024-dd).

Forskingstilnærminga vår er praksisforankra (McGuirk & Methi, 2015; Smith & Dean, 2012). Det inneber at undersøkinga vår spring ut frå ein didaktisk praksis. Denne kan definerast som performativ, fordi den har vore eksperimentell, relasjonell og skapande (Østern & Knudsen, 2019). Me utforskar ein praksis som me sjølv har planlagt, gjennomført, justert, vurdert og samtala med lærarar og studentar om. Særleg refleksjonssamtalar og tilbakemeldingar knytt til opplevingar med forløpet har vore viktige for å synleggjere tause didaktiske aspekt. Det empiriske materialet omfattar alt det estetiske og didaktiske arbeidet me har gjort i tilknytning til *Steinen*, og inkluderer våre erfaringar, undervisningsnotatar, refleksjonsloggar og samtaleloggar.

Tilnærminga vår er og performativ ved at forskingsspørsmåla har utvikla seg over tid (Østern mfl., 2023). Mange spørsmål har oppstått i arbeidet med *Steinen*, som til dømes: Kva er essensen i opplevinga? Kva er det med dette enkle opplegget som skapar engasjement? Korfor kjennest det meningsfullt? Korfor er det mogleg å meistre for alle? Korfor vert prosessen opplevd som leiken? Korfor tenkjer mange lærarar at dette skal dei få til å gjere sjølv saman med elevar? Kva er det med stein som materiale? På kva måte er dette kunst og handverk? Det er det siste spørsmålet som har ført oss i retning av det resepsjonsorienterte kunst- og handverksperspektivet. Det er òg dette spørsmålet som har gitt oss lyst til å undersøkje kva slags didaktiske aspekt som kan vere vesentlege i *Steinen*. Ut frå dette ynskjer me å definera på kva måte forløpet kan bli forstått som ein estetisk læreprosess (Illeris, 2022, 2023). Deretter plasserer me denne tenkinga i ein performativ kunstfagdidaktikk (Østern mfl., 2024; Illeris, 2022, 2023; Illeris & Skregelid, 2024), før me utviklar to didaktiske aspekt. Men først skal me formidle sjølv forløpet grundig. Me skriv det fram slik det står fram for oss no.

Undervisningsopplegget *Steinen*

Forløpet består av tre delar, som igjen inneheld ei rekkje mindre øvingar. Første del inneheld sanseøvingar delt inn i «eg ser» (observasjon), «eg kjenner» (taktile erfaringar) og «eg tenkjer» (assosiasjonar). Andre del omhandlar komposisjon av dikt ut frå sanseøvingane. Del tre inneheld øvingar med stemme, tempo og

dynamikk før dikta vert deklamert i fellesskap. Målet med forløpet var å erfare ein utforskande prosess med eit materiale der emosjonar og følelsar var i fokus, samt å undersøkje kva materialet i si naturlege form kan gje.

Del 1 – Sanseøvingar

I rommet er det gruppebord med plass til 4–5 deltakarar. Ingen stolar, berre eit stort papir med ulik mengde steinar lagt i ulike formasjonar oppå. Små, store, ru, glatte, grå, litt rosa, med litt glitter, sand, som ein haug, ein pyramide, eit mønster, eller kanskje litt spreidd. Me har teke naturen inn og syner den fram på ny. Utan skogbotn, strand, elvedike, byggjeplass, sti eller andre naturlege funnplassar. Me er klare med rammene i rommet, fordelinga av menneska, planen som detaljert rettleiar oss i den stegvise prosessen, og med stoppeklokke. La forløpet starte!

Kva ser du?

Deltakarane ser på steinane. Dei blir spurt om kva dei ser. Alle tenkjer svara inni seg, berre i to minuttar. Når det er stille, kjennest det som ganske lenge. Me assisterer observasjonane slik at ein får litt hjelp til å sjå: Korleis ser steinane ut? Kva slags fargar ser du? Er det ein farge? Er det mange fargar? Korleis er overflata på steinen eller steinane? Kva slags storleik ser du? Kor mange steinar ser du? Korleis ligg dei i høve til kvarandre? To minuttar er over, og neste instruks er å fortelje kvarandre kva ein såg. Ein og ein i gruppa seier: – Eg ser ... Dette varar òg ei bestemt tid, kanskje tre minuttar. Alle får delt kva dei har sett før dei får neste instruks. Det er å velje ut fem av setningane. Dette krev at dei må lytte, vurdere, spørje, gje rom for alle, hugse og einast. Setningane fyller dei inn på eit stort ark. På arka står det allereie «Eg ser ...» fem gonger under kvarandre, slik at dei berre treng å fylle ut. Etterpå blir arka hengt opp på ein samla stad i rommet.

Kva kjenner du?

I neste deloppgåve instruerer læraren i ei sanseleg tilnærming til steinane der ein spør etter kva dei kjenner. Deltakarane kan bevega seg rundt bordet slik at dei får tilgang frå fleire kantar. Kanskje nokon har lyst til å kjenne på ein stein som ligg på motsett side av bordet? Kva slags handlingar treng ein for å kjenne steinane? Det er igjen fastsett tid, og faglæraren les opp forslag til handlingar: – Du kan kjenne på steinen med fingertuppen, med handflata, kva med undersida av armen, kinnet. Er det kaldt? Varmt? Rart? Ekkelt? Greier du å løfte på steinen? Er den tung? Lett? Korleis løftar du? Med fingrane? Med berre to fingrar? Med hendene? Heile armen? Kan steinen kvile i handa di? Legg steinen ned på bordet. Kan du kjenne spor eller støv etter steinen i handa di, armen din, fingrane dine?

Som i førre oppgåve følgjer den neste oppgåva med at ein og ein i gruppa seier: – Eg kjenner ... Dei får på ny utdelt eit stort ark der det står fem gonger «Eg kjenner ...». Gruppa vel fem setningar som dei skriv ned, og arka blir hengt opp samla på ein annan stad i klasserommet enn arket med «Eg ser ...».

Kva assosierer du?

Før neste deloppgåve legg faglæraren inn eit overraskingsmoment, eller kanskje ein invitasjon til improvisasjon. Då førre arket vart hengt opp, vart oppsetjingane av steinane på borda endra. Me har flytta på dei på ulike måtar: lagt ein stein under bordet, laga ein formasjon frå minst til størst, skvetta vatn på, bygd ein varde, snudd nokre steinar opp-ned. Dette skapar eit skifte, ei spenning. Deltakarane ser steinane på ein ny måte – eit lite dramaturgisk grep for å opne sansane på ny.

Faglæraren instruerer så deltakarane sine assosiasjonar, og ber dei tenkje inni seg: Kva tenkjer du på når du ser desse steinane? Har du sett liknande steinar før? Kor? Er det noko du fekk lyst til å gjere med steinane? Minner steinane deg om eller på noko? Etter avmålt tid som før, seier ein og ein i gruppa: – Eg tenkjer ... På eit nytt, stort ark skriv gruppa ned fem setningar frå oppgåva. Alle kjenner spelereglane. Gruppene sine ark blir hengt opp samla på ein tredje stad i klasserommet. Det finst no tre område i rommet med samlingar av like mange kategoriar: «Eg ser ...», «Eg kjenner ...», «Eg tenkjer ...». Slik vert det mange setningar som representerer alle gruppene sine sanselege tilnærmingar

til stein. Det har vore forhandla – kanskje argumentert for – kva setningar som skulle få komme til uttrykk på arket. Dei illustrerer ei breidde og vekkjer kanskje nye assosiasjonar når ein les alle saman.

Del 2 – Lag eit dikt

I pausen har steinane blitt samla på eit felles bord og stilt ut i ennå ein ny konstellasjon. Gruppeborda er tomme, og deltakarane er fordelte i nye grupper for å samarbeide med andre enn i forarbeidet. Til no har det ikkje blitt sagt kva setningane skal munne ut i. Neste oppdrag, som skal avsløre dette, vert no introdusert.

Komponer eit dikt

Alle skal no lage eit dikt. Det er lagt fram åtte bunkar med A3-ark med ulike forslag til tittel dei kan velje mellom. Titlane er skrivne inn øvst på arka, og er frå ei liste me har laga basert på publikasjonar om steinar frå kjende forfattarar. Den inneheld både strofeutdrag, titlar på dikt, namn på diktsamling, og er som følgjer: *Stein til stein* (Fosse, 2016), *Steinen* (Hagerup, 1998), *Den gode steinen* (Hagerup, 1998), *Slik havet løfter en sten* (Mehren, 1997), *Eit frø som kviler ved sida av ein stein* (Johannessen, 2015), *Ein stein til* (Hauge, 1966), *Ein stein i ei kald elv* (Hauge, 1966), *Eg lyt ha fleire steinar* (Hauge, 1966).

I tillegg får gruppene tildelt limstift og seks blanke remser med papir med ei breidde som akkurat vil dekkje resten av arket når dei vert limte under tittelen på A3-arket. No kjem delen som tek mest tid: Å velje tittel, to setningar frå kvar samling med sansesetningar, og å einast om rekkjefølgja på desse. Frå at faglæraren assisterar med vekt på timing, tydeleg informasjon og fokus på å vere til stades i sansinga, ligg no ansvaret på gruppene som skal samarbeide. Sansesetningane heng oppe som eit tilbodstorg for alle, og ein kan «låne og stele» og slik få vere ennå meir kreative. Dette vil krevje lytting, samtalar, utprøvingar, argumentasjonar, vilje til å ombestemme seg, vere opne for å gjere endringar, i det heile å utforske saman. Dette vert det gitt god tid til, samt ein pause. Alle har no eit dikt.

Del 3 – Framføring

Alle gruppene skal framføra dikta sine høgt for kvarandre. Faglærar leiar stemmeøving i hønsekor. Først les ein høgt med normalt stemmeleie og tempo. Deretter skal ein lese sakte, og så raskt. Det blir modellert kva som kan vere sakte og raskt, og øvd fleire gonger på det same for å kjenne på kor sakte eller raskt ein faktisk kan lese og likevel formidle innhaldet. Så skal alle kviskre. Her blir det modellert korleis ein kan kviskre så godt at sidemannen ikkje kan høyre innhaldet. Det er vel heile poenget med å kviskre? Med litt øving blir det mest som ei visling som summar og susar, og så: Høg stemme! – Rop det ut og kjenn at lyden kjem frå magen. Det kan vere godt å høyre korleis eiga stemme kan drukne i dei andre sine sjølv om du ropar ut. Når ein er høglytte og kraftfulle saman før ein skal formidle, kan ein erfare bruk av dynamikk og andre verkemiddel knytt til stemmebruk. Slik blir det skapt eit repertoar av måtar å framføre på. Vidare kan dei velje om ein, nokon eller alle står fram, og dei kan velje verkemiddel som kler deira dikt når det skal deklamerast. Framføringa skjer i sirkel, der kvar gruppe får sin tur, med avtale om felles applaus til slutt som ein massiv honnør. Kvar gruppe sine utvalde setningar om sanslege tilnærmingar til stein blir slik levandegjort i rommet. Framføringa kan forståast som ei deling der ein formidlar tankar, følelsar, minne og relasjonar til stein med det store fellesskapet. Magien i dette ligg i å både lytte og bidra. Slik blir det som er sansa utvida til å bli ei kollektiv sansing, og kollektive måtar å forstå stein på, og slik blir den utforskande og skapande prosessen i materialet stein avslutta.

Steinen og estetiske læreprosessar

Estetiske læreprosessar kan forklarast både som opplæring *gjennom* estetisk aktivitet og som opplæring *i* estetisk aktivitet (Johannesen mfl., 2023). Det første handlar om at læringsmåla blir knytte til noko utanfor den estetiske aktiviteten, til dømes at elevar skal bli interesserte i steinar. Det andre handlar om at læringsmåla er knytte til den estetiske aktiviteten, til dømes at elevar skal læra å la seg inspirera av steinar og forstå korleis dette materialet kan bli ein del av ein estetisk aktivitet. I *Steinen* var begge desse tilnærmingane

vektlagde, då forløpet byggjer på ei tilnærming til læring som tek for gitt at det er mogleg å læra fleire ting samstundes. Slik kan me seie at *Steinen* byggjer på eit kunnskapssyn der det ikkje finst eintydige svar, men der deltakarane sine erfaringar dannar utgangspunktet for å utforske eigne forståingar (Krosshus og Johannesen, 2026).

Kunst og handverk og estetiske læreprosessar

Kunstfagdidaktikar Illeris har vore viktig for utviklinga av feltet estetiske læreprosessar generelt (Illeris, 2006, 2009, 2012), og for ei nytolking av desse i kunst og handverk spesielt (Illeris, 2022, 2023). Ho tek til orde for ei performativ tilnærming til estetiske læreprosessar. Dette utfordrar den modernistiske forståinga av estetikk og kunnskap som ho meiner feltet tradisjonelt har bygd på. Som ei motvekt utviklar ho performative estetiske læreprosessar, forklart som at det estetiske er det som blir skapt gjennom relasjonelle sansebaserte praksisar. Dette kan tolkast som at ho dreiar kunst- og handverksdidaktikken mot ein meir resepsjonsorientert praksis.

Kunst- og handverksfaget har tradisjonelt vektlagt eit produksjonsmodus, der produksjon av gjenstandar har vore målet (Lutnæs & Fallingen, 2017). Illeris (2022, 2023) argumenterer for at læreprosessar i faget i større grad bør vektleggje resepsjonsmodus, og slik tilfører ho ei nytolking av estetiske læreprosessar i kunst og handverk. Illeris (2023) byggjer på filosofen Mortons omgrep økologisk merksemd for å fremje at undervising i kunst og handverk like gjerne som naturfag kan finne stad ute i skogen, og at det å sanse naturen og undersøkje den i seg sjølv kan vere ei god materialopplæring. Materialmøte skjer til dømes i skulen som ein planke på sløydbenken som skal omarbeidast til ei bokhylle. Om ein får møte treet før, ved å sanse treet på ulike vis og ligge under ein bladhimmel og kikke på skyene, kan ein få sansemessige og kjenslemessige tilgangar til trematerialet, som er viktig for danninga av barnet, og ikkje berre utdanninga som er å lære korleis trematerialar kan setjast saman. Dette illustrerer Illeris sitt prosjekt, som er å fremje eit økokritisk perspektiv gjennom at elevar ikkje berre skal forstå økologiske samanhengar, men erfare dei. I dette kapittelet må undervisningsforløpet *Steinen* som estetisk læreprosess bli forstått ut over det økokritiske, men me nyttar Illeris sine perspektiv for å utvide forståinga av kva ein resepsjonsorientert kunst- og handverkspraksis

kan vere. Det betyr at å trene sansane og følelsane er ein verdi i seg sjølv, og at resepsjon av materialar kan utgjere sjølve målet for undervisinga.

Sanseopplevingar

Illeris (2023) delar sanseopplevingar inn i tre handlingar. Den første er den fysiske, som handlar om den kroppslege sansinga av eit konkret materiale. Dette skjer i *Steinen* når deltakarane ser på, luktar på og kjenner på steinane. Den andre er den heilskaplege, som handlar om materialet si framtoning på ein stad. Dette kjem til uttrykk når ei sanseøving påverkar den neste, til dømes når deltakarane etter å ha kjent på steinane med hendene, på nytt sansar spor og støv etter steinen på hendene som ikkje lenger held ein stein. Det skjer òg når steinane vert flytta og plasserte annleis under sanseøvingane, slik at steinane opptre som bevegelege material som vert opplevde i relasjon til bord, rom, tid, lyd og hender som flyttar dei. Den tredje er den kollektive sansinga, som handlar om å aktivere det relasjonelle, framtoninga av materialet og det menneskelege. Dette skjer til dømes når deltakarane står rundt borda med steinane og assosierer kva dei ser, eller når dei les dikt for kvarandre. Illeris trekkjer òg inn tida si betyding for å arbeide med sansing i estetiske læreprosessar, då det å fokusere på ein sansemodus om gongen er viktig for å øve opp merksemda (Illeris, 2023, s. 52). Dette var sentralt for oss gjennom heile undervisningsforløpet.

Illeris sitt prosjekt handlar om å skape ein ny inkluderande estetikk (Illeris, 2023, s. 45) ved å vektleggje sansing og oppleving av nærvær. Slik kan elevar kome i kontakt med verda gjennom den biologiske kroppen og førestellingsevna (Illeris, 2022). I *Steinen* kjem dette til uttrykk ved at det estetiske er det konsentrerte nærværet som oppstår fleire gonger under forløpet. Til dømes når deltakarane assosierer høgt saman, når dei kjenner på steinane, eller når dei i hønsekor uttrykkjer verbalt eigne og andre sine sanseerfaringar. Å arbeide med undervising i kunst og handverk der fokuset er flytta frå å produsere gjenstandar til å sanse, krev nye didaktiske forståingar.

Steinen i ein performativ kunstfagdidaktikk

Østern mfl. (2024) har utvikla ein ny måte å forstå kunstfagdidaktikk på. Me skal kort forklare denne for å definere det didaktiske landskapet *Steinen* finn

seg i, før me undersøker nærare kva slags didaktiske aspekt som særleg vert aktivert. Østern mfl. (2024) peikar på at kunstfaga har ein didaktisk arv som «er mer ekskluderende enn inkluderende, både teknisk, håndverksmessig og estetisk, noe som bidrar til at mange, både barn og voksne, ikke makter å inkludere det kunstnerisk skapende som en del av deres liv» (Østern mfl., 2024, s. 13). I staden for didaktiske idear og praksisar som fokuserer på kunnskapsoverføring av bestemte teknikkar og estetikkar, utviklar dei ein inkluderande estetikk som utfordrar vante måtar å undervise på. Dei føreslår ein kunstfagdidaktikk som er open, performativ og deltakande, der det uventa blir definert som ein kvalitet. Østern mfl. (2024) si forståing av dette går på tvers av alle kunstfag, og vektlegg ein merksam undervisningspraksis. I denne søkjer ein etter moglegheiter, er normkritisk, normkreativ, inkluderande og kunstnarisk samskapande (Østern mfl., s. 19). Det er her me plasserer oss når me no skal sjå på to didaktiske aspekt som særleg har utkrystallisert seg i *Steinen*.

Didaktisk aspekt 1 – Å sanse eit materiale

Minne knytt til stein har fått nytt liv. Det var godt å bli med på leiken og ikkje tenkje på rett og galt, berre utforske i fellesskap, oppleve eit snev av dramaturgi, og bli engasjert i stein att slik ein var før. Dei fleste me har møtt synte seg å ha eit nært høve til stein. Den har alltid vore der. Stein i skoen, stein i lomma, ei helle å sitje på, juvelar å samle på, flat stein å kaste fiskesprett med, spiss stein til å skjære med, minne om dundersalt, og ein bestefar med steingard. (Refleksjonslogg)

Kva er eit materiale?

Stein er eit solid materiale med substans og tyngde, ofte omtala som «evig», og som finst overalt. Til dømes i store konstruksjonar, arkitektur og infrastruktur, men òg i biletkunst og litterære verk, kunsthandverk og handverk. Den kan formast med verktøy, men òg av tid og naturen sine eigne krefter.

Stein som materiale kan utfordre og freiste til å løfte og bryne eigen kraft på. Det er eit materiale som inviterer til å samle, studere og organisere ut frå eit mangfaldig uttrykk forma av miljøet den kjem frå (Waterhouse, 2013). Trageton (2007) peikar på at gode skapingsmaterial bør representere natur- og kulturmiljøet born veks opp i. Han er særleg oppteken av at ein må ha tilgang til både mjuke, plastiske og harde material. Den tredimensjonale utviklinga treng ei breidde med konkrete materialmøte frå alle kategoriane for å utvikle den tredimensjonale forståinga, men òg for den abstrakte tenkinga seinare. Stein er eit døme på harde material, og me kan ta for gitt at alle har eit høve til stein frå før. I forløpet vert den nytta som eit naturmateriale i si reinaste form, men me løftar den opp til å vere eit kulturmateriale i seg sjølv. At læraren stiller spørsmål om kva eit materiale er, kan vere ein god start for å leggje til rette for å sanse eit materiale.

Korleis skape ei open tilnærming til materiale?

Valet av stein kan bidra til å trekkje deltakarane inn i ein performativ og resepsjonsorientert læringsprosess, nettopp fordi stein er mindre brukt som materiale i kunst- og handverksundervising enn til dømes tre. Stein krev spesialverktøy for å formast, og blir ofte oppfatta meir som eit konstruktivt materiale (Trageton, 2007). Dette gjer det enklare å engasjere alle i ei resepsjonsbasert tilnærming, snarare enn å tenkje produkt. Me har mykje kunnskap om kva som er gode material for å lage ting, men lite om kva som kan skje når sansing av materialet, både individuelt og kollektivt, skal opne for utforsking.

Illeris (2023) argumenterer for å rette større merksemd mot materialet i si ubehandla form. Å sanse eit materiale kan vekke minne om det, aktivere fantasi og førestillingar knytt til det, og framkalle tidlegare kroppslege og sanselege erfaringar. Å sanse eit materiale kan aktivere heile mennesket i sjølv møtet. Det handlar om å leggje til rette for kroppsleg, emosjonell og minnebasert kontakt med materialet, utan krav om omforming. At læraren stiller seg spørsmålet om korleis ein kan skape ei open tilnærming til materialet, kan vere ein god start når ein skal leggje til rette for å sanse eit materiale.

Didaktisk aspekt 2 – Å sanse saman

Mine tankar, dine assosiasjonar, vår felles oppdaging av korleis me opplever og kjenner på steinen. Me delar med kvarandre, ser nye ting, hugsar med eit andre steinar. Frå steinar me har kjent før, til desse steinane me no har i lag, så kjenner me kvarandre med eitt så mykje betre. Stein kjennes viktig. Det er fint å vere i lag i denne opplevinga. Me er del av noko grunnleggjande menneskelege (i oss). Å fullføre i eit poetisk dikt er mogleg for alle når ein samarbeider og delar, fokuserer på steinen og ikkje på seg sjølv. Leiken er frigjerande og den gode steinen vil eg ha i lomma og ta med vidare. Kanskje me kan snakke om steinar i morgon og? (Refleksjonslogg)

Kva kan læraren si rolle vere?

Trageton (2007) er særleg oppteken av korleis møte med materialar bidreg til leik. Gjennom steinen inviterer me deltakarane inn i ei form for sansande leik, for å signalisera at ein skal gå inn i forløpet med ope sinn.

Kva vil det seie å bli med på noko ein ikkje veit kva er? Er det gøy, eller uoverkommeleg skummelt? Når leiken med steinen er over, kjenner deltakarane ei stor lette. Både fordi oppgåvene var enkle å vera med på, men òg fordi førestillinga om kva me som hadde makta kunne finne på, var ubehageleg. At me hadde tre ulike delar som likna kvarandre, var kanskje eit tilverkande moment som gjorde det trygt. Ikkje minst fordi me tok regi og bestemte korleis ein skulle samhandla med dei andre i gruppa. Det var ikkje noko hierarki i gruppene, då alle sine innspel var like viktige, og det var demokratiske val av kva som skulle med vidare. Dette gjorde det mindre utrygt å bli med på neste del, og enno betre på siste del. Til og med dikt, fordi ein fekk øve i lag.

Mange deltakarar har uttrykt at dei har opplevd det som fint å kunne stå oppreist, gå rundt og få korte, tidsavgrensa instruksjonar. Både lærarar og studentar har presisert at det var positivt å ikkje vite korleis det skulle ende. Ein lærar som deltok i forløpet sa etterpå: «Hadde eg visst det var dikt eg skulle skrive, ville eg ha tenkt at dette ikkje er mi greie.» Me meiner at det leikande og opne som forløpet legg opp til, saman med det faktum at dei jobbar i prosess utan å tenkje på resultat, kan ha innverknad på opplevinga av forløpet.

Læraren si rolle kan vere å bryte forventningar og førforståingar knytt til ulike estetiske uttrykk, og å leggje til rette for at elevane klarar å vere i prosessen med materialet, utan å fokusere på kva prosessen skal føre til. I *Steinen* har me sett at det ikkje er fokus på det tekniske og handverksmessige i møtet med stein, men på utforsking der ein opnar for sjølv materialmøtet. Tydeleg leiing av sansinga av steinen skapar struktur i ei leikande tilnærming. Å instruere stramt kva, korleis og kor lenge deltakarane skal sjå, tenkje eller kjenne, gjer at ein kan slappe av og sleppe å ta eigne val. Å forklare og vise kort og tydeleg korleis det ser ut når ein sansar, til dømes ulike måtar å kjenne på, kan tryggje deltakarane ytterlegare og gje rom for å glede seg over prosessen. Timing kan styrkja både konsentrasjonen og merksemda, og det å bruke tid på å instruere trinn for trinn var viktig for oss for å gi rom for sanseopplevingane. Dette kan gje rom for å lytte til ein resonans (Waterhouse & Iversen, 2025). Ein resonans kan vere gjenklngen av noko ein har erfart før. Nokon forklarte det som kom fram i prosessen som minne frå barndommen, andre fortalte om ein entusiasme som dukka opp. Tankar og refleksjonar kom i spel og aktiviserte minne. Det didaktiske aspektet å *sanse saman* vektlegg kva læraren har å seie for prosessen. At læraren spør seg korleis ein kan skape kollektiv vilje til å sanse, vil vere vesentleg.

Korleis øve på å lytte til kvarandre?

Å lytte er ei viktig ferdigheit å øve på når ein skal utforske. Å trene på dette fremjar betre dialogar, som er grunnsteinen i gode skapande prosessar. Det å bli ein god lyttar, og sensitiv for kva andre kan bringe til bords, kan verke som eit uoppnåeleg mål, anten ein er barn eller vaksen. Ved å dele sanseopplevingar i *Steinen* byrja deltakarane å byggje vidare på kvarandre sine innspel. Sidan det ikkje fanst nokon fasit, trong dei ikkje å argumentere om rett eller gal oppfatning av tekstur. I staden kom det fram fleire nyansar og utvidingar: «Eg kjenner at steinen er kald, men du kjenner at den er ru». Saman utvidar deltakarane sine sanseopplevingar og eigne assosiasjonar, og blir meir opne for nye inntrykk. Alle måtte lytte til og akseptere det dei andre kom inn med til fellesskapet i gruppa. Dei måtte bruke tid, tenkje, lytte og ikkje haste vidare, for alle skulle bli høyrde. Slik vart ein påverka til å ta ein ekstra runde med det å sanse, og utforske meir enn ein først hadde tenkt. Når ingen har svaret på kva ein skal finne, kan ein bli meir open for

å lytte. Lytte på ekte, og akseptere og ta med andre sine innspel. At læraren spør seg korleis ein kan leggje til rette for å øve seg på å lytte til kvarandre, vil vere vesentleg for å få til å sanse saman.

Korleis bruke kvarandre sine sanseopplevingar?

Når ein sansar, delar og lyttar, kan det skje noko. Ein opnar opp for å få hjelp av kvarandre til å strekkje sansinga og tenkje ut over det ein såg eller opplevde først. Slik kan utforskinga gå djupare og opne opp for nye dimensjonar. Det å endre syn på det ein kom inn i fellesskapet med er vanskeleg, og krev ein omveg. Denne omvegen kan vere å sanse saman, stille nye spørsmål, og vere open for å utvide det ein først tenkte eller kjente. Nokon kan komme inn med kunnskap om stein som mineral, andre med minne og affeksjonsverdi. Alt er like sant og like viktig, og dannar til saman gruppa sine opplevingar av stein. Nokon beskriv det som å få tid til å dvele ved det som er «lite», og at det slik blir rom for at dei mange små oppdagingane får meir tid, verdi, og er eit mål i seg sjølv. Det har kome fram mange refleksjonar rundt dette å føle at ein meistrar det å vere med på steinen, føler seg inkludert, og får ei ny oppleving av å høyre til saman med dei andre, fordi det dei bidrar med blir brukt inn i heilskapen. Alle har bidratt, og alle bidrag er verdifulle. Ikkje minst betyr det lite eller ingenting kven som har bidratt med kva. At læraren stiller seg spørsmål om korleis ein kan nytte det som trer fram i fellesskapet, kan vere ein veg å gå for å kunne betre sanse saman.

Kva kan ein resepsjonsorientert kunst og handverkspraksis bety?

Spørsmål knytt til korleis ein kan arbeide med materialar utan å gripe inn i dei, men berre oppleve dei, vert utforska i dei posthumanistiske og nymaterialistiske områda av kunst og handverksfeltet (Illeris, 2022, 2023; Illeris & Skregeleid, 2024; Jamouchi & Illeris, 2024; Waterhouse & Iversen, 2025; Waterhouse mfl., 2025). Utforskinga i dette kapittelet høyrer til dette området. Illeris, som er ei viktig stemme her, brukar ofte performancekunst

for å vise korleis posthumanistiske perspektiv i kunst og handverk kan sjå ut. Ho avsluttar artikkelen «At sanse med kunst og natur. Æsteiske læreprocesser i Antropocæn» med å seie: «at selv om dele af det, jeg skriver, måske kan virke spekulativt og langt fra skolens virkelighed, så er mit håb, at jeg, på samme måde som Voks skoV-workshopen, kan åbne for nogle anelser, nogle mulige tråde eller nogle vilde ideer hos læseren» (Illeris, 2023, s. 53). Etter at me har utvikla og arbeida med *Steinen* saman med studentar og lærarar, tenkjer me at Illeris sine perspektiv ikkje er så langt frå skulen si verkelegheit og klasserommet sin praksis. Illeris syner til korleis performancekunst i skogen kan aktivere ein resepsjonsorientert kunst og handverkspraksis. Me ynskjer ut frå vårt forløp med *steinen* å syne korleis ein slik praksis kan praktiserast av lærarar gjennom vanleg undervising i klasserommet.

I dette kapittelet har me vist korleis to didaktiske aspekt – å sanse eit materiale og å sanse saman – vart aktivert i *Steinen*. Me føreslår desse som to didaktiske aspekt som kan nyttast i arbeidet for ein meir resepsjonsorientert kunst- og handverkspraksis. Det første kan aktiverast ved at læraren stiller seg spørsmåla om kva eit materiale eigentleg er, og korleis ein kan skape ei open tilnærming til dette materialet. Det andre didaktiske aspektet kan aktiverast ved at læraren reflekterer over si eiga rolle i utforskingssprosessen med materialet, korleis det kan leggjast til rette for at elevane kan øve seg på å lytte til kvarandre sine sanseopplevingar av materialet, og korleis alle sanseopplevingane av materialet kan bli ein del av fellesskapet.

Kviler ved sida av ein stein³

Eg ser ulikhet
 Eg ser at den eine steinen kastar ein hjarteforma skugge
 Eg kjenner at den står støtt
 Eg tenkjer på hardt arbeid
 Eg kjenner djupe spor
 Eg tenkjer på pappa

(Dikt produsert i undervisingsforløpet *Steinen*)

3 Delar av ein strofe i tekstsamlinga *Og steinen og frøet* og av Kurt Johannessen (Johannessen, 2015).

Referansar

- Borgen, J. S., Randers-Pehrson, A., Rimstad, Å., Bergsland, J. E., Bottolfs, M., Hellenes, O., Husebø, Ø., Murtne, Å., Ouff, S. M., Thorrud, S., Strøm, I. T. & Weum, K. B. (2026). Universitetet i Sør-østnorge. *Egenart og tradisjon vs. endring: De praktiske og estetiske fagene i LK20* (Rapport Sist endret: 26.01.2026). https://www.udir.no/tall-og-forskning/finn-forskning/rapporter/2026/evaluering_av_de_praktiske_og_estetiske_fagene_i_lk20_sluttrapport/
- Braaten, I., Kvalbein, Å. & Cragg, T. (2014). *Ting på nytt – en gjenbruksdidaktikk*. Fagbokforlaget.
- Fallängen, N. & Lutnæs, E. (2017). Bærekraftig utvikling gjennom skapende praksis. Utvikling av økoliteracy i et samlet kunst- og håndverksfag. *FormAkademisk*, 10(3), 1–19. <https://doi.org/10.7577/formakademisk>
- Fosse, J. (2016). *Stein til stein – 39 dikt og 1 salme* (2. utg.). Det Norske Samlaget.
- Hagerup, I. (2015). *Samlede dikt*. Aschehoug.
- Halvorsen, E. M. (Red.). (2008). *Didaktikk for grunnskolen*. Fagbokforlaget.
- Hauge, O. H. (1966). *Dropar i austavind*. Noregs boklag.
- Hohr, H. (2013). Den estetiske erkjennelsen. I A.-L. Østern, G. Stavik-Karlsen & E. Angelo (Red.), *Kunstpædagogikk og kunnskapsutvikling* (s. 219–233). Universitetsforlaget.
- Illeris, H. (2006). Æstetiske læreprosesser i et senmoderne perspektiv. I U. P. Lundgren (Red.), *Uttrykk, intrykk, avtrykk. Lärande, estetiske uttrycksformer och forskning* (s. 81–93). Vetenskapsrådet. https://www.vr.se/download/18.2412c5311624176023d25bf3/1529480529084/Uttryck-intryck-avtryck_VR_2006.pdf
- Illeris, H. (2009). Æstetiske læreprosesser som performative handlinger: Overvejelser over subjektivitet, identitet og form. *Cursiv*, (4), 115–130. https://www.dpu.dk/fileadmin/www.dpu.dk/omdpu/institutfordidaktik/cursivskriftserie/20094/om-dpu_institutter_institut-for-didaktik_cursiv_20091105114254_cursiv-4.pdf
- Illeris, H. (2012). Aesthetic learning processes for the 21st century: Epistemology, didactics, performance. *Journal of the International Society for Teacher Education*, 16(1), 10–19. https://isfte.org/wp-content/uploads/2015/07/JISTE_16.1_2012.pdf
- Illeris, H. (2022). Vi bliver skov bliver vi: Økologisk opmærksomhed i kunst og håndverk gennem kunstnerisk praksis i naturen. I L. Skregelig & K. N. Knudsen (Red.), *Kunstens betydning? Utvidede perspektiver på kunst og barn og unge* (s. 117–136). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.163.ch5>
- Illeris, H. (2023). At sanse med kunst og natur. Æstetiske læreprosesser i Antropocæn. *Journal for Research in Arts and Sports Education*, 7(1), 40–55. <https://doi.org/10.23865/jased.v7.3781>
- Illeris, H. & Skregelig, L. (2024). «Lukte, smake, høre og føle naturen». Sanselig bæredyktighetsdidaktikk som kunstfagdidaktisk tilgang. I T. P. Østern, H. Illeris, K. N. Knudsen, S. Jusslin & K. Holdhus (Red.), *Kunstfagdidaktikk som kunstnerisk forskende og oppmerksom undervisningspraksis* (s. 136–155). Universitetsforlaget.
- Jamouchi, S. & Illeris, H. (2024). Kunstdidaktikk materialisert gjennom sammenfiltring av ulltoving. I T. P. Østern, H. Illeris, K. N. Knudsen, S. Jusslin & K. Holdhus (Red.), *Kunstfagdidaktikk som kunstnerisk forskende og oppmerksom undervisningspraksis* (s. 101–116). Universitetsforlaget.

- Johannesen, E., Krosshus, T. C., Illeris, H. & Frers, L. (2023). Estetiske læreprosesser i pedagogisk praksis. *Journal for Research in Arts and Sports Education*, 7(1), 1–9.
- Johannessen, K. (2015). *Og steinen og frøet* og. <https://www.zeth.no/boker3.shtml#andreandre>
- Kaldestad, P. O. & Knutsen, H. (2019). *Diktboka. Om arbeid med poetiske tekstar i skolen*. Cappelen Damm Akademisk.
- Kirk, H. & Krøgholt, I. (Red.). (2018). *Fagdidaktikk i teater og drama*. Frydenlund.
- Krosshus, T. C. (2023). Kunst som kunnskapsåpner: Om tvisyn som didaktisk begrep, mellom-menneskelige fenomen og estetiske læreprosesser i barnehagelærerutdanningen. *Journal for Research in Arts and Sports Education*, 7(1), 56–70. <https://doi.org/10.23865/jased.v7.3975>
- Krosshus, T. C. & Johannesen, E. H. (2026). Estetiske læreprosesser. I E. H. Johannesen & T. C. Krosshus (Red.), *Didaktikk for estetiske læreprosesser* (s. 9–22). Fagbokforlaget. <https://doi.org/10.55669/oa850501>
- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Overordna del – verdier og prinsipper for grunnopplæringa*. Fastsett som forskrift ved kongelig resolusjon. Lærplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Kunnskapsdepartementet. (2024). *Læreplan i kunst og håndverk (KHV01-02)*. Fastsett som forskrift ved kongelig resolusjon. Lærplanverket for Kunnskapsløftet 2020. <https://www.udir.no/lk20/khv01-02>
- Kverndokken, K. (2018). *101 litteraturredaktiske grep – om å arbeide med skjønnlitteratur og sakprosa*. Fagbokforlaget.
- Lutnæs, E. & Fallingen, N. (2017). Bærekraftig utvikling gjennom skapende praksis. Utvikling av økoliteracy i et samlet kunst- og håndverksfag. *FormAkademisk*, 10(3), 1–19.
- McGuirk, J. & Methi, J. S. (2015). Praktisk kunnskap som fag- og forskningsfelt. I J. McGuirk & J. Methi (Red.), *Praktisk kunnskap som profesjonsforskning* (s. 9–30). Fagbokforlaget.
- Mehren, S. (1997). *Kjærlighetsdikt – dikt. Bilder*. Aschehoug.
- Nielsen, L. M. (2019). *Fagdidaktikk for kunst og håndverk. I går, i dag, i morgen*. Universitetsforlaget.
- Olafsson, B. (2020). Å støtte kreativitet. Hva kan støtte eller hemme læreren i å fokusere på kreativitet i kunst og håndverk. *FormAkademisk*, 13(3). <https://doi.org/10.7577/formakademisk.3947>
- O’Toole, J. & Haseman, B. (2000). *Drama og teater. En pedagogisk metode*. Forlaget Drama.
- Riis, K., Illeris, H. & Næumann, R. (2020). *Bærekraftdidaktikk i kunst og håndverk. Gjenbruke, oppvinne, skape*. Cappelen Damm Akademisk.
- Smith, H. & Dean, R. T. (Red.). (2012). *Practice-led Research, Research-led Practice in the Creative Arts*. Edinburgh University Press.
- Stokke, R. S. & Tønnessen, E. S. (Red.). (2018). *Møter med barnelitteratur. Introduksjon til lærere*. Universitetsforlaget.
- Støren, K. (2024). Kreativitet i læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. Hvordan kommuniseres kreativitet i læreplanen, og hva betyr dette i skolen? *Nordisk tidsskrift for pedagogikk og kritikk*, 10(2), 30–45. <https://doi.org/10.23865/ntpk>
- Sæbø, A. (2016). *Drama som læringsform*. Universitetsforlaget.
- Trageton, A. (2007). *Leik med materiale: konstruksjonsleik 1–7 år*. Pensumtjeneste.
- Waterhouse, A.-H. L. (2013). *I materialenes verden. Perspektiver og praksiser i barnehagens kunstneriske virksomhet*. Fagbokforlaget.

- Waterhouse, A.-H. L. & Iversen, T. (2025). Randsonekorrespondanser – en a-r-t-ografisk undersøgelse av barns materielle spor i utforsking av tre tekstile invitasjoner i randsonen mellom hav og skog. *BUKS – Tidsskrift for Børne- og Ungdomskultur*, 41(70), 13–36.
- Waterhouse, A.-H. L., Klungland, M., Carlsen, K., Kusk, H., Toft, H. & Reienes, A.-B. S. (2025). Fornemmelser for materialitet: – Fragmentfortellinger fra forskning om materie, materialer, materialitet og skapende prosesser. *BUKS – Tidsskrift for Børne- & Ungdomskultur*, 41(70), 82–103. <https://doi.org/10.7146/buks.v41i70.152317>
- Østern, A.-L. (Red.). (2014). *Dramaturgi i didaktisk kontekst*. Fagbokforlaget.
- Østern, A.-L. & Knudsen, K. N. (Red.). (2019). *Performative Approaches in Arts Education: Artful Teaching, Learning and Research*. Routledge. <https://doi.org/10.4324/9780429444159>
- Østern, T. P., Illeris, H., Knudsen, K. N., Jusslin, S. & Holdhus, K. (2024). *Kunstfagdidaktikk som kunsterisk, forskende og oppmerksom undervisningspraksis*. Universitetsforlaget.
- Østern, T. P., Jusslin, S., Nødtvedt Knudsen, K., Maapalo, P. & Bjørkøy, I. (2023). A performative paradigm for post-qualitative inquiry. *Qualitative Research*, 23(2), 272–289. <https://doi.org/10.1177/14687941211027444>

KORLEIS LEGGJE TIL RETTE FOR Å UTFORSKE

FINT Å UTFORSKE UTFRÅ EIT RESEPSJONSFOKUS? JORD, IS, VÅTN, TRE, PINNAR, 2

Efter å ha gjennomført mange ganger har me nokre tips.

- ① Bruk god tid på sanseoppgåvene, men ikkje ver for treig
- ② Ver konkret i instruksjonane. Sei kva dei skal gjere, ikkje føle. Ark med "Eg kjenner"



③ Ver i rørsle sjølv om det ikkje trengs for å løyse oppgåvene

④ Ikkje avstør at elevane skal lage dikt.

⑤ Ha ei leiken haldning når du flyttar på steinane. Bruk humor og ikkje forklar kvifor du gjer det. Så behandle steinane som gull og med omsorg.

NB: DIN entusiasme smittar

KVA SLETS ANNE MATERIALE KUNNE

TIL LARAR

